



KRITERIE OG RETTLEIING TIL SØKNAD OM HC- KORT.

For å søkja HC-kort må du:

- ha legeerklæring som dokumenterer at du ikkje kan gå eller har store vanskar med å bevega deg over lengre avstandar.
- kunna dokumentera eit særleg behov for parkeringslette ved bustad, arbeid eller i samband med regelmessig medisinsk behandling.

Bruk av parkeringsløyvet:

Kortet skal ved parkering liggja godt synleg bak frontruta for kontroll.

Parkeringsløyvet er personleg og kan ikkje nyttast av andre enn kortinnehavaren.

Parkeringsløyvet gjeld deg som person, ikkje bilen, og eigar av kortet må alltid vera med i bilen.

Misbruk vil medføra inndraging av kortet og kan medføra at du vert meld til politiet.

Løyvet må leverast inn når grunnlaget for tildelinga ikkje lenger er tilstades.

Løyvet må også leverast inn når datoen det gjeld til, er passert. Kommunen kan trekkja tilbake løyvet ved misbruk eller endra forhold som gjer at vilkåra for parkeringsløyvet ikkje er oppfylte.

Misser du eller vert fråteken kortet, meld frå til politiet. Kopi av tapsmeldinga/melding til politiet og nytt bilete skal leverast til Kvam herad, kommuneoverlegen.

Parkeringsløyvet kan nyttast:

- I heile Noreg (EØS-modell).
- I utlandet i samsvar med reglane i det landet du er.
- På offentlege reserverte parkeringsplassar for forflyttingshemma.
- På offentlege avgiftsbelagde parkeringsplassar utan å betala avgift.
- Ut over fastsett lengste parkeringstid på stader som er regulert med tidsbegrensa parkering, unnateke der det er regulert med begrensa parkeringstid for forflyttingshemma.
- På stader der det er innført offentlig skilta bustadsoneparkering.
- Fritak i enkelte bompengeringar i Noreg.

Parkeringsløyvet kan ikkje nyttast:

- i strid med bestemmelsar i vegtrafikklova, trafikkreglane og skiltreglane om stans og parkering.
- på plassar reservert for andre brukargrupper.
- på private parkeringsplassar eller i private parkeringshus.

Privatrettslege parkeringsplassar:

På privatrettslege parkeringsplassar er det grunneigar som bestemmer om og eventuelt kva fordelar personar med parkeringsløyve for forflyttingshemma skal ha. Det er derfor viktig å vera oppmerksom på reguleringa her, då det ikkje automatisk er fritak frå betaling og maks parkeringstid på desse plassane.

Informasjon om tildeling, kven som vert prioriterte, og kva det vert lagt vekt på:

Parkering for forflyttingshemma er eit knapphetsgode. Søkjarar med begrensa gangevne og eit reelt parkeringsproblem i samband med bustad, arbeid og behandling vert prioriterte ved tildeling av parkeringsløyve. Vurderinga vert gjort på bakgrunn av dei medisinske opplysningane frå legen og parkeringsbehovet du sjølv oppgir. Me er opptekne av lik og rettferdig behandling av alle søknadar.

Kven vert prioriterte ved innvilging av parkeringsløyve?

Søkjarar som har *rullestolheis eller rampe* i bilen vert prioriterte. Etter forskrifta skal behov for parkeringslette i samband med *arbeid eller bustad* vektleggjast. I tillegg er det klar forvaltningspraksis på at det med "annan aktivitet" er søkjarar som er «*hyppig på helse relaterte besøk*», der det er vanskeleg å parkera.

Kven vert ikkje prioriterte?

Parkeringsløyve vert *ikkje gjeve til søkjarar* som kun av og til har behov for parkeringslette, dei som primært har behov i samband med handling og sosiale aktivitetar, dei som i hovedsak kan nytta ordinære parkeringsplassar, eller dei som har andre alternative løysingar.

Er det tilstrekkeleg at legen tilrår at løyvet vert innvilga?

Nei.

Legen si tilråding i forhold til vurderinga av den medisinske situasjonen din vert ikkje overprøvt av kommunen, men legerklæringa dannar kun det *medisinske grunnlaget* for vurderinga.

Merk at forskrifta stiller to likeverdige krav. Ved sida av ikkje å kunna gå eller ha vanskar med å bevega seg over ei viss lengde (medisinsk begrunna og dokumentert ved legerklæringa), må søkjar også ha eit *særleg behov* for parkeringslette.

Kva ligg i "særleg behov"? Ved vurderinga av særleg behov for parkeringslette, har vegdirektoratet i retningslinene uttalt at det skal sjåast på

- dei **konkrete stadane** søkjar må oppsøkjja
- om dei *ordinære plassane* **ikkje** kan nyttast av søkjar
- kor **hyppig** søkjar har dette behovet og
- om problemet kan **løysast på annan måte**.

Det skal spesielt vektleggjast dersom søkjar har parkeringsproblem ved bustad, arbeid/skule og nødvendig aktivitet, særleg gjeld dette medisinsk behandling og oppfølging.

Handling, sosiale aktivitetar og problematikk knytt til bæring gir ikkje nødvendigvis rett til parkeringsløyve.

Forskrifta legg opp til ei skjønsvurdering med omsyn til kva som kan sjåast på som eit "særleg behov" for parkeringslette. Skjønsvurderinga ligg innafor dei rammene forskrifta gir. Retningslinene i forskrifta, uttalar frå Sivilombudsmannen og Vegdirektoratet og forvaltningspraksis vert også lagt til grunn for vurderinga vår.

Forflyttingshemma passasjer?

Det skal mykje til før det vert gjeve løyve til ein passasjer, sjølv om vilkåra i forskrifta framstår som like for førar og passasjer. Passasjeren sitt behov kan ivaretakast gjennom av- og påstigning og at førar så parkerer bilen på ordinær plass. Der det er nødvendig, kan passasjeren følgjast heilt inn til bestemmelsesstaden (f.eks. inn på venterommet) før sjåføren går ut og flyttar bilen.

Å nytta høve til av- og påstigning kan synast tungvint for familie og faste omsorgspersonar til forflyttingshemma. Det kan virka som ein ekstra belastning i dei tilfella bilen må flyttast når det finst ein ledig plass for forflyttingshemma. Likevel vil forflyttingshemma førarar ofte vera i ein vanskelegare situasjon, og vil kanskje ikkje få utført sine gjeremål dersom spesialplassane er opptekne av motorvogner med funksjonsfriske førarar.

Løyve til søkjarar som er passasjer, vert tildelt i dei situasjonane der den forflyttingshemma vanskeleg kan forlatast utan tilsyn sjølv i kortare tid, f.eks. sterkt psykisk utviklingshemma, barn i ein viss alder og andre som ikkje kan ta vare på seg sjølv.

Søknaden skal innehalda:

- ferdig utfylt søknadskjema
- legeerklæring
- kopi av gyldig førarkort om du søker som førar
- kopi av ID-kort om du søker som passasjer
- bilde i passfotostorleik

Dette gjeld både for deg som søker for første gong, og for deg som søker på nytt.

Legeerklæring: Legeerklæringa skal vera utfylt med opplysingar om den medisinske situasjonen din, diagnose, samt kor mange meter du er i stand til å gå utan og med hjelpemidlar; og om du brukar krykkjer, stokk, rullator eller rullestol. Legeerklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.

Din søknad: Det er i sjølve søknaden du må få fram opplysingar som tilseier at du har eit *særleg* behov for parkeringslette. Det vil sei at du må beskriva kvifor det ordinære parkeringstilbodet på stadene du ofte vitjar ikkje kan nyttast. I søknadsskjemaet er det teke med ulike forhold me ønskjer svar på. Me tilrår at du fyller ut skjemaet nøye, slik at me får eit godt bilete av behovet ditt, samt at me ikkje brukar ekstra tid på behandling av søknaden.

Tenk godt gjennom;

- kor du har problem med å parkera, og kor ofte er du der? (Stadsnamn/gateadresse må gjevast opp) Ver spesifikk, me ser på alle stadane det vert opplyst om parkeringsproblematikk.
- kvifor er det vanskeleg å parkera der?
- kva slags parkeringsplassar finst det der?
- kva er det som gjer at du ikkje kan nytta dei ordinære plassane?
- korleis vil eit parkeringsløyve konkret hjelpe deg på desse bestemte stadane?

- Er du ofte til behandling, opptrening, eller hos lege så legg ved dokumentasjon på dette.

Søker du som fører? Legg ved kopi av gyldig førarkort. Dersom du etter 75 år får fornya førerkortet, må kopi av dette leggjast ved søknaden.

Søker du som passasjer? Forflyttingshemma som ikkje køyrer sjølv, skal som hovedregel køyrast til bestemmelsesstaden og følgjast inn. Deretter skal bilfører flytta bilen til ordinær parkeringsplass. Det er ikkje nødvendig med parkeringsløyve for å gjera dette. Parkeringsløyve vert difor kun tildelt når den som vert transportert ikkje kan etterlatast åleine (f.eks. på venterommet) mens bilen vert flytta. Dette må gå fram av legeerklæringa og søknaden.

Passfoto må leggjast ved alle søknadar om HC-kort.

Har du HC-kort og skal søke på nytt? Ver ute i god tid, og send inn ny søknad med vedlegg som nemnt over seinast ein til to månadar før datoen kortet du har gjeld til.

Det kjem svar på søknaden innan ein månad, og svaret vert sendt i posten. Dersom me treng ytterlegare opplysingar eller dokumentasjon, vert du kontakta.

Søknaden vert avgjort innan fire veker frå datoen me har nok informasjon til å fatta eit rett vedtak.

Søknad med vedlegg skal sendast til:

Kvam herad ved kommuneoverlegen, Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund.